



Karoline Neset(t.v.) og Eva Grete Rafdal styrte festivalkontoret då eg var innom med dottera til sistnemnde som assistent.

Festidalen har også i år festivalkontor ved Gamleskulen. Det har vore ein suksess tidlegare år, og det har mellom anna ført til redusert kø ved inngangen til festivaljordet på Dønhaug både fredag og laurdag. Dette oppnår vi også i år om mange tar turen på kontoret på førehand for å veksla billetter inn i armband, og for å ordna med verjeskjema. Her er det nødvendig med personleg frammøte.

Festivalkontoret i Gamleskulen er ein fin plass å møtast for å ta ein festivalprat. Karoline Neset, Elin Teigen og Eva Grete Rafdal styrer der. I tillegg til at dei løyser billetter inn i adgangsarmband og ordnar med utfylling av verjeskjema sel dei også mange kjekke Festidalen effektar. Solbriller, capsar og t-skjorter vi det gå mykje av, men dei har også mykje anna kjekt. Nytt av året er power-bank, kule gymbagar og nokre gensarar som kan brukast heile året. Sydvestane og støvlane har også svært godt ord på seg, men det spørst om det er nok til å hjelpa på omsetninga med dei fantastiske vermeldingane for festivaldagane.

Elin Teigen og Karoline Neset har vore på festivalkontoret før, medan Eva Grete Rafdal er ny i år. Ho kjem frå Skare og er endå eit eksempel på at dei frivillige kjem frå eit stort område. Dersom gjestene vil setja seg ned på for ein prat, serverer også dei tre damene gjerne kaffi og ein god fesrk bolle frå Baker Brun.

Kontoret opna onsdag og er i dag, torsdag, ope til kl.19. Fredag er det ope frå kl.11 til kl.17.30 og lardag opnar det også kl.11 medan det stenger kl.15.30 den dagen. Før eg forlot kontoret i dag understreka Karoline Neset kor lurt det er å ta turen innom for å ordna med armband og verjeskjema. Dette kan ein ikkje ordna for andre, men den det gjeld må møta personleg opp. Med så mykje folk er det ikkje til å unngå at det vert kø, men erfaringane frå dei føregåande åra viser at dei slepp kjapt gjennom inngangen om dette er ordna på førehand.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland